



Sogn og Fjordane
krets av NSF



ALLTID BEREDT

STYREMØTE

Skype, 29. januar 2015 kl. 20.00

Sakliste:

1. Materialforvaltar
2. KL/KS-samling
3. KBK
4. Kretsmerke hos Speider-sport
5. Budsjett
6. Strategisk plan
7. Eventuelt

Referat:

Til stades: Eirik, Ole, Remco, Frida og Trine

Forfall: Wenche

Sak 1 Materialforvaltar

Etter nokre avklaringar på leiarsamlinga tidlegare denne månaden er det på tide å konkludere i denne saka. Styret gjer difor slikt vedtak:

Kretsstyret ber Niels Larsen om å begynne arbeidet med å få oversikt over utstyret som kretsen eig, og i fyrste omgang å samle dette i Årdal.

Ole tek kontakt med Niels.

Sak 2 KL/KS-samling

Det er tvilsamt om Eirik kan reise denne helga (20.-21. mars), så det er spørsmål om kven andre som eventuelt kunne reise. Remco trur han kan, men skal sjekke dette. Elles kan det vere at nokon i det nye styret kan reise.

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Eirik Ulltang Birkeland, Øyjordsveien 11, leil. 501, 5038 BERGEN

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no

Sak 3 KBK

Remco har teke på seg arrangementet og er i gang med å samle saman ein stab. Stad for arrangementet vart også diskutert, men dette har mest med kva som er praktisk for staben å gjere.

Vi såg også litt på retningslinjene, og Eirik tilbydde seg å hjelpe til i fasen før arrangementet.

Sak 4 Kretsmerke hos Speider-sport

I denne saka har det vore litt fram og tilbake, men etter nokre drøftingar gjorde styret slikt vedtak:

Kretsstyret ber Speider-sport produsere opp nye kretsmerke som dei kan selje i butikken sin. Det restlageret vi har, kan vi sjølve selje på arrangement og liknande.

Eirik kontaktar Speider-sport for å avtale pris m.m.

Sak 5 Budsjet

Eirik hadde utarbeidd eit budsjettutkast som var sendt ut før møtet. Vi gjekk gjennom postane og gjorde enkelte justeringar. Eirik og Frida tek ein gjennomgang til når rekneskapstala er klare.

Sak 6 Strategisk plan

Saka blir utsett til neste styremøte.

Sak 7 Eventuelt

Ingen saker her.

Møtet slutt kl. 21.15.

Referent: Eirik

Sogn og Fjordane krets av Norges speiderforbund

c/o Eirik Ulltang Birkeland, Øyjordsveien 11, leil. 501, 5038 BERGEN

Nettside: <http://sfj.scout.no> | E-post: sfj@scout.no